

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/5990-1

Oppnemning av representantar for val av nytt felles brukarutval for Helse Førde 2019 - 2020 Representant frå fylkesrådet for eldre

Representanten til brukarutvalet vert valt i møte som fylkesrådet for eldre har 7. mai.

Vedlegg:

Retningslinjer for brukarmedverknad mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane
Brev frå Helse Førde

SAKSFRAMSTILLING

Det skal for perioden 1. januar 2019 – 31. desember 2020 veljast medlem og varamedlem til felles Brukarutval i Sogn og Fjordane.

Nye retningslinjer for felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane vart fastsett av koordineringsrådet i sak 49/17 16. november 2017. Der står det at brukarutvalet skal ha 10 medlemmar som vert oppnemnde for to år om gangen.

I inneverande periode har Aud Karin Netland frå fylkesrådet for eldre vore representant medan Erlend Haugen Herstad frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har vore vara.

For perioden 1. januar – 31. desember 2020, skal det veljast medlem frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og varamedlem frå fylkesrådet for eldre.

I retningslinjene heiter det: «Når eit nytt brukarutval skal oppnemnast, må ein ta omsyn til både kontinuitet og fornying. Medlemmer i brukarutvalet skal sjølve ha erfaring som pasient og/eller pårørende og ha tilknytning til opptaksområdet til føretaket».